

Finansreglement
for
Vik kommune
Vedteke 20.12.2023



1. Virkeområde

Finansreglementet skal gi rammer og retningslinjer for Vik kommune si forvaltning på området. Finansreglementet inneheld rammer for Rådmannen (kommunedirektør etter kommunelova) sine fullmakter vedkommande finansforvaltninga. Underliggende fullmakter/instruksar/rutinar skal heimlast i finansreglementet.

Finansreglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og andre midlar for driftsformål, opptak av lån/gjeldsforvaltning og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

1.1 Heimel

Finansreglementet er utarbeidd med heimel i:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018 (KL), § 14-13.
- Forskrift om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner
- Rettleiar til garanti- og finansforskrifta (H-2464)

1.2 Rutinar for finansforvaltninga

Det skal med heimel i KL § 25-1 og dette reglement utarbeidast nærare rutinar for finansforvaltninga og handtering av finansiell risiko.

1.3 Verknadstidspunkt

Finansreglementet gjeld frå 20.12.2023

Dette reglementet erstattar alle tidlegare reglement, reglar og instruksar som kommunestyret eller anna politisk organ har vedteke for Vik kommune si finansforvaltning.

Rådmannen legg ved behov reglementet fram for kommunestyret.

1.4 Forvaltning og forvaltningstypar

Reglementet gjeld for alle finansielle omløpsmidlar og langsiktig gjeld. Reglementet gjeld ikkje for pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar.

Finansreglementet gir målsettingar, strategiar og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og midlar berekna for driftsføremål.

- Plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.
- Forvaltning av gjeldsporteføljen og andre finansieringsavtaler.

1.5 Formålet med kommunen si finansforvaltning

Finansforvaltninga har som overordna formål å sikre rimeleg avkastning, samt stabile og låge netto finansieringskostnader innafor definerte risikorammer.

Dette vil ein oppnå gjennom følgjande delmål:

- Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet (inkludert trekkrettar) til å dekke løpande krav.
- Plassert overskotslikviditet skal over tid gi ei god og konkurransedyktig avkastning innafor ein akseptabel risiko og likviditet.
- Lånte midlar skal over tid gi lågast mogleg totalkostnad innafor akseptable krav til refinansieringsrisiko og renterisiko. Det vert lagt vekt på at lånekostnadene skal vere forutsigbare.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gi ei god, langsiktig avkastning til akseptabel risiko.

1.6 Generelle rammer og avgrensingar

Kommunestyret skal sjølv gjennom fastsetjing av dette finansreglementet, ta stilling til kva som er tilfredsstillande avkastning og vesentleg finansiell risiko, jfr. kommunelova §14-1 tredje ledd. Finansreglementet skal basera seg på kommunen sin eigen kunnskap om finansielle marknader og instrument.

Kommunestyret skal ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltning, herunder kva som skal reknast som langsiktige finansielle aktiva.

Det påligg Rådmannen ei sjølvstendig plikt til, å greia ut og leggja fram saker for kommunestyret som blir vurderte å vera prinsipielle. Rådmannen skal vidare til ei kvar tid vurdere finansreglementet sine rammer og avgrensingar, og om desse på ein klar og tydeleg måte sikrar at kapitalforvaltninga blir gjennomført forsvarleg i høve til dei risiki kommunen er eksponert for.

Rådmannen har mynde til å inngå avtaler som er i samsvar med dette reglementet. Vidare skal Rådmannen, med heimel i reglementet, utarbeide evt. nødvendige fullmakter, instruksar og rutinar for dei enkelte forvaltningsformer i samsvar med kommunen sitt økonomireglement.

Finansielle instrument og/eller produkt som ikkje er eksplisitt tillate brukt gjennom finansreglementet, skal ikkje nyttast i kommunen si finansforvaltning.

Kommunen skal ikkje ta valutarisiko ut over valutarisiko som er i kommunen sin sikringsstrategi for straumkontraktar.

Konkrete rammer for forvaltning av kommunen sine midlar til driftsføremål (inkl. ledig likviditet), gjeldsportefølje og langsiktige finansielle aktiva er omtala i reglementet nedanfor.

Evt. plassering av Vik kommune sine midlar i finansielle verdipapir, skal skje i samsvar med etiske kriteria. Vik kommune legg til grunn dei same etiske kriteria som statens pensjonsfond.

2. Forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål

2.1 Formål

Formålet med forvaltninga er å sikre likviditet til å dekke laupande forpliktingar og god avkastning. Forvaltninga skal ha låg risiko.

2.2 Rammer

Driftslikviditeten omfattar alle finansielle omløpsmidlar som ikkje er definert som langsiktig finansielle aktiva jfr. og punkt 3.

Kommunen sine finansielle omløpsmidlar skal plasserast i bankinnskott i norske kroner (NOK). Konti som er oppretta for særskilde driftsføremål (kjøp/sal og prissikring konsesjonskraft) kan vere i Euro (EUR)

Kommunen skal inngå rammeavtale for å ivareta det løpande behov for banktenester. Ved val av hovudbanksamband skal det stillast krav om minimum internasjonal kredittrating A- eller tilsvarende kredittvurdering. Det kan gjerast avtale om trekkrettar.

Kommunen sine samla innskott i bank/kredittinstitusjon skal ikkje overstige 2 % av institusjonen sin forvaltningskapital.

Kommunen sin driftslikviditet skal plasserast i kommunen sin hovudbank.

Ledig likviditet og andre midlar for driftsformål, utover det ein treng til å dekke kommunen sine løpande økonomiske plikter, fråtrekt estimerte innbetalingar dei nærmaste 3 månadane, kan plasserast etter fylgjande retningslinjer:

Innskot i bank med følgjande avgrensingar:

- Renteberande innskot med fast eller flytande rente.
- Tidsbinding kan ikkje avtalast for ein periode lenger enn 6 månader.
- Kwart innskot med tidsbinding skal ikkje overstige NOK 10 mill.

2.3 Avkastningsreferanse

Avkastningsreferanse for kommunen sine plasseringar er 3 mnd NIBOR.

2.4 Rådmannen sine fullmakter

- Kommunestyret vedtek rammer for trekkrettar knytt til bankavtalen .
- Rådmannen har fullmakt til inngå og forlenga rammeavtale jfr punkt 2.2
- Rådmannen har fullmakt til å inngå avtale om alternative plasseringar i bank. Jfr. punkt 2.2 siste avsnitt.

3. Forvaltning av kommunen sine langsiktige finansielle aktiva

Langsiktige finansielle aktiva er ledig likviditet som ikkje er disponert i budsjett eller økonomiplan.

Langsiktige finansielle aktiva skal plasserast saman med andre midlar for driftsformål.

4. Langsiktig gjeld og andre finansieringsavtaler

4.1 Formål

Formålet med gjeldsforvaltninga er å sikre låge og føreseielege lånekostnader.

4.2 Referanse på rente av gjeld siste 12 mnd

Som referanseindeks skal nyttast 3 mnd NIBOR på rapporteringstidspunktet + 80 punktar

4.3 Vedtak om opptak av lån:

Kommunestyret gjer sjølv vedtak om opptak av nye lån i budsjettåret. Vedtaket skal gjerast for lån til finansiering av investeringar i varige driftsmiddel og for lån til vidar utlån.

Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak, evt. godkjenning av Fylkesmannen, har Rådmannen fullmakt til å gjennomføre låneopptaket, her under aksept av lånevilkår. Vidare

har Rådmannen fullmakt til å forvalte kommunen sine innlån etter dei retningslinjer som går fram av reglementet, og i tråd med § 14-14 i kommunelova om låneopptak.

Rådmannen har også fullmakt til å ta opp lån til refinansiering av eksisterande gjeld, inngå avtalar om avdragsprofil på låna innanfor krava i kommunelova §14-18 og inngå avtalar om sikring av renta.

4.4 Val av låneinstrument

- Det kan berre takast opp lån i norske kroner (NOK):
- Lån kan takast opp som direkte lån i offentlege og private finansinstitusjonar, og i livselskap.
- Lån skal normalt takast opp som serielån, men det kan ved behov for regulering av årleg avdrag, også takast opp som avdragsfrie lån (bulletlån).
- Finansiering kan også skje gjennom finansiell leasing.
- Det skal kvart år betalast avdrag minimum på nivå med reglane i kommunelova §14-18. Avdraga skal vera innbetalt seinast 31.12.

Vik kommune kan ikkje leggja ut lån i sertifikat- og obligasjonsmarknaden.

4.5 Tidspunkt for låneopptak

Låneopptaka skal vurderast opp mot likviditetsbehov, vedteke investeringsbudsjett, forventningar om framtidig renteutvikling og generelle marknadstilhøve.

Låneopptak med heimel i årets budsjett, skal vere teke opp seinast 31.12 i budsjettåret.

4.6 Konkurrerande tilbod

Låneopptak skal så langt som mogleg gjennomførast til dei beste vilkår som marknaden kan tilby. For å oppnå det, skal det hentast inn minimum 2 konkurrerande tilbod frå aktuelle långjevarar. Dette prinsippet kan fråvikast i særskilte høve, t.d. opptak av startlån i Husbanken.

4.7 Val av rentebindingsperiode – bruk av sikringsinstrument

Styring av låneporteføljen skal skje ved å optimalisere låneopptak og rentebindingsperiode i høve til oppfatningar om framtidig renteutvikling og innafor eit akseptabelt risikonivå, der ein legg til grunn eit overordna ønske om føreseielige og stabile lånekostnader.

Renterisikoutsatt gjeld er samla renteberande gjeld etter frådrag for gjeld som er sikra på anna måte. Slik sikring er gjeld som inngår i sjølvkost, gir grunnlag for rentekompensasjon, eller som er sikra ved innskot eller utlån med tilnærma tilsvarande vilkår.

Forvaltninga leggjast opp som følgjer:

- Gjennomsnittleg gjenståande rentebinding (durasjon = vekta rentebindingstid) av Renterisikoutsatt gjeld skal til ei kvar tid vere mellom 1 og 5 år.
- Maksimal rentebinding for enkeltlån er 10 år.
- Normalfordeling fast/flytande rente på renterisikoutsatt gjeld er 50/50. Minimum 1/3 skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år), minimum 1/3 skal ha fast rente, medan 1/3 vurderast ut frå marknadssituasjonen.
- Ønska renterisiko søkast oppnådd ved val av rentebindingsperiode på nye lån, fornying av rentebindingsperiode eller ved refinansiering av eksisterande lån
Likviditetsrisiko / Refinansieringsrisiko

Samansetning av gjeldsportefølje:

- Gjeldsporteføljen skal ha færrest mogelege lån, men likevel slik at likviditetsrisiko og refinansieringsrisiko vert avgrensa.
- Refinansieringsrisikoen skal reduserast ved å spreia tidspunkt for renteregulering/forfall.
- Låneporteføljen må vere samansett slik at ikkje meir enn 20% av porteføljen forfell til betaling innanfor eitt år.
- Enkeltlån skal ikkje utgjere meir enn 40% av den samla gjeldsportefølje.
- Under elles like tilhøve vil det vera føremålstenleg at kommunen fordeler låneopptaka på fleire långjevarar.

4.8 Rutinar for leasingavtalar

I tilfelle det kan vere aktuelt å lease/leige eit produkt, skal det vurderast om det er finansiell leasing, etter [God kommunal rekneskapsskikk, KRS nr 8](#). Det skal vidare gjerast utrekningar som viser den fullstendige leasingkostnaden i leasingperioden opp mot å kjøpe produktet. Val vert gjort ut i frå lågaste noverdi.

Ved leasingavtaler bør ein innhente tilbod frå fleire leasingselskap, eller ved anbod inngå avtale med eit leasingselskap for ein gitt periode.

Finansiell leasing er likestilt med investering i egne driftsmiddel, og noverdien av innbetalingane skal vera budsjettert og skal rekneskapsførast i investeringsrekneskapen. Noverdien skal inngå i balansen under anleggsmidlar og langsiktig gjeld. Kravet om vesentleg beløp (100 000) gjeld også noverdi på finansiell leasing.

5. Rapportering til kommunestyret

Rådmannen skal minimum to gonger i året i samband med tertialrapportering pr 30.4. og 31.8., leggje fram rapportar for kommunestyret som viser status for finansforvaltninga av likvide midlar, og langsiktig gjeld.

I tillegg skal Rådmannen i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser status og utvikling gjennom året.

Rapporteringa skal gi ei utgreiing og vurdering av:

- Marknadsrente og kommunen sine rentevilkår
- Vurdering av vesentlege endringar i marknaden og finansiell risiko.
- Korleis finansielle midlar og finansielle forpliktelsar (gjeld) er sett saman og markandsverdien av desse.
- Laupetid på gjeld og verdien av lån som må refinansierast dei neste 12 månader.
- Finansiell risiko og avkastning samanhalde med mål og krav i finansreglementet.
- Avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltningen og handtering av desse.

6. Vurdering og kvalitetssikring av finansiell risiko

6.1 Risikovurdering

Det skal ved kvar rapportering til kommunestyret gjerast fylgjande risikovurderingar:

- Renterisiko for plassering omløpsmidlar og gjeldsporteføljen sett i samanheng. Det skal gjerast ved ein stresstest som viser kommunen sin renterisiko ved ein 2 prosentpoeng generell endring i rentekurva og 30% fall på norske børsar.
- Kredittrisiko jfr punkt 4.4
- Refinansieringsrisiko jfr. 4.5 og 5 fjerde kulepunkt.

Rådmannen har ansvar for at der er utarbeidd rutinar for finansforvaltninga, herunder vurdering og handtering av finansiell risiko, samt rutinar for avdekking av avvik frå finansreglementet.

6.2 Kvalitetssikring

Dette finansreglementet er i samsvar med Finansforskrifta kvalitetssikra av Vestland Revisjon KO som uavhengig instans jamfør vedlagt revisjonsuttale datert 25.10.2023

I tillegg skal Rådmannen syta for at rutinane for finansforvaltninga blir vurdert av uavhengig kompetanse. Det skal rapporterast til kommunestyret om utført kvalitetssikring av rutinane som del av rapporteringa gjennom året.

Kvalitetssikring av finansreglementet skal finna stad ved kvar endring av reglementet, og før kommunestyret vedtek nytt, endra reglement.

7. Handsaming av avvik frå finansreglane

Dersom det av uforutsette grunnar skulle oppstå avvik frå reglementet, skal Rådmannen straks iverksette tiltak som rettar opp avviket, utan at dette medfører vesentleg risiko eller unødvendige tap. Avvik frå reglementet og handtering av desse inngår i rapporteringa til kommunestyret.